

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** fredag 17. juni 2022 15:20  
**Til:** Zeeshan Ahmad Sheikh  
**Kopi:** Per Lerøy; Bjørnar Fjellhaug; Thomas Lindås; Rolf Henning Myrmel  
**Emne:** Avtale om massehandtering mellom Austrheim kommune og Statnett for næringsområdet - Mongstadkrysset

Til Statnett v/Zeeshan Ahmad Sheikh

Saka er avgjort i kommunestyret no. Austrheim kommune er med i eit nært samarbeid med Statnett om massehandteringa her og vil signera avtale som vist i vedtak.

Dette vedtok samrøystes kommunestyret i Austrheim i går, det var i samsvar med kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

## Sakspapir

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>	
	Kommunestyret		
<b>Sakshandsamar:</b>	Asbjørn Nagell Toft		
<b>Arkivsaknr.:</b>	22/474	<b>Klassering:</b>	Gbnr-128/68

### **Avtale om massehandtering mellom Austrheim kommune og Statnett for næringsområdet på gbnr. 128/68 – Mongstadkrysset**

#### **Vedlegg:**

Avtale om masseforflytning Austrheim kommune og Statnett - utkast v2  
Vedlegg 901 A3 kartutsnitt for bonitert tomt gnr 128 bnr 68 (Austrheim)  
Vedlegg 301 A3 tverrprofiler for bonitert tomt gnr 128 bnr 68 (Austrheim)

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Avtale om massehandtering mellom Austrheim kommune og Statnett for næringsområdet på gbnr. 128/68 – Mongstadkrysset med følgjande justering under pkt. 6.1 vert godkjent slik den ligg føre.  
*Tidspunkt for klargjort tomt for mottak av steinmasser vert endra i avtale til 15.12.2022.*

Austrheim kommune set i gang arbeidet med fjerning av vegetasjon og fjerning av jord/lausmassar frå næringsområdet omgåande. Kommunedirektøren finn inndecking innanfor vedtekne rammer for 2022. Kostnadene i 2023 og 2024 som Statnett forskoterer vert lagt inn i handlings- og økonomiplan for 2023-2026 – langtidsbudsjettet.

Kan du endra avtalen under pkt. 6.1. det står: *Tidspunkt for klargjort tomt for mottak av steinmasser vert endra i avtale til 15.12.2022.*

Om du sender eit justert avtale til oss på dette punktet så kan me no gå til ordførar Per Lerøy og få den signert.

Takk for god dialog i saka, kosa deg i helga.

Med vennleg helsing  
Asbjørn Nagell Toft  
Avdelingsleiar

.....

Austrheim kommune  
Telefon: 56 16 21 41/416 51 463  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)

